



3. klasse har 12 elever og her er dei på plass i nyrenoverert klasserom.

Klokka 0820 idag ringde klokka for den nyrenoverte skulen i Uskedalen og elevar og lærarar inntok plassane sine utan spesielle problem.
- Alle har funne sine plassar, konstaterte viserektor Odd Steinar Arnesen. Det var inga spesiell høgtid bortsett frå at flagget sjølvsagt var heist. Om det vert ei markering seinare er førebels ikkje drøfta.



På veg til skulen som har flagget i topp

Elevtalet er noko uvisst i skrivande stund, men leiinga antar i dag at det vert 114. Det er 19 fyrsteklassingar, 15 i 2. klasse og 12 i 3. klasse.

16 er i 4. klasse, 23 i 5. klasse, 13 i 6. klasse og 16. i 7. klasse.

I bakgården var entreprenøren Norstraal igang med å rydde ut og inne i den renoverte fløyen fekk dei mykje ros med på kjøpet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dei er flinke til å bruka sykkelen til skulen